



Telepost 5/2008, .nov 2008

### ***Gode telelagsvener!***

Nå har vinteren gjort sitt inntog, den fyrste kaotiske snø-dagen er over, scooteren er parkera for vinteren og årsmøtet nærmar seg faretruande. Det ser ut som at valnemnda allereie er i ferd med å få eit fulltalig styre, så det er ingen "fare" med å stille på årsmøtet. ☺

Den 4. desember har me joleavslutning i Telelaget og me vil nytte denne dagen til å markera at Telelaget i år er 125 år!! Eg vil oppmode alle til å vere i saman med telelagsvener, høyre godt hardingfelespel og ta ein liten svingom denne kvelden. Det vil bli servera kaffi og kaker, og som tradisjonen tru har me eit lite loddsal i løpet av kvelden. Program for kvelden kjem seinare.

Minner om Ole Brums lille snø rim som gjeng omlag som så:

Det snør, det snør tiddeli bom.

Det snør, det snør tiddeli bom.

Nå snør det mye mer enn før,

Tiddeli bom og huttemegtu

Det er ikkje alle som gleder seg like mykje til vinteren og dei typiske vinter-aktivitetane som langrenn, slalåm, aking, skøyter etc., og difor vil eg oppmode alle til å møte på danseøving kvar torsdag kl.20.00! Nybyrjarkurset gjeng frå klokka 19.00 til 20.30. Andre danseglade kan møte opp klokka 20.00, men kom gjerne litt tidlegare slik at dei som er heilt "ferske" i teledansen kan få ein svingom med dei som er meir erfarne.

Me har kaffipause frå klokka 20.30 til danselysten tek overhand.

Vel møtt,

Live

### **INNKALLING TIL ÅRSMØTE I TELELAGET I OSLO.**

Det vert med dette kalla inn til

Årsmøte i Telelaget i Oslo

torsdag 27. november 2008 klokka 20.00

i Blåsalen i Nordahl Brunsgate 22.

Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet må vera styret i hende seinast torsdag 13. november 2008.

### **Foreløpig sakliste:**

- 1) Val av møteleiar og skrivar
- 2) Godkjenning av innkalling og sakliste
- 3) Årsmelding 2008
- 4) Rekneskap 2008
- 5) Arbeidsplan 2009
- 6) Budsjett 2009
- 7) Val

### Kva skjer frametter

17. november - laurdag kl. 12.00 - Oslo Kappeleiken og Årsfesten i  
Laget for Folkemusikk, Storsalen, Nordahl Brunsgate 22
27. november – torsdag kl. 20.00 00 – Årsmøte i Telelaget, Blåsalen,  
Nordahl Brunsgate 22
4. desember - torsdag kl. 20.00 – Joleavslutning i Telelaget, Halli i  
Nordahl Brunsgate 22

Med helsing styre og stell



## ***Joleavslutning i Telelaget***

***Torsdag 4. desember kl. 20  
i  
Halli, Nordahl Brunsgt 22  
Pris kr. 100***

***Spel og dans  
Kaffe og kaker***

